



Museum Vest

Dato: 20.06.2014
Vår ref.: 2014/16447-8
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.:

Museumsplanmidlar 2014. Museum Vest

Underretning om vedtak, tildeling av museumsplanmidlar i samsvar med handlingsprogram for museum 2014. Fylkestinget vedtok handlingsprogram for museum 2014 på møte den 11. mars i år, PS 6/2014.

I samsvar med handlingsprogrammet har Hordaland fylkeskommune tildelt Museum Vest følgjande tilskot for 2014:

1. Kultur- og ressursutvalet vedtok på møte 04.06. 2014 (sak 87/2014) å tildele museumsplanmidlar til
Tiltak 5 Regionalt ansvarsmuseum kr. 175 000,-
Tiltak 10 Museum får ansvar for formidling av verdsarv kr. 35 000,-
Tiltak 27 Krigs- okkupasjons- og forsvarshistorie kr. 100 000,-

Grunngjeving

1. Tildeling av midlar til tiltak i museumsplanen er gjort direkte som ledd i gjennomføringa av handlingsprogram for musea. Den bygger på prioriteringane i Museumsplanen 2011-2015, som vart ført vidare i vedtaket av 11.03.2014.

Dei aktuelle vedtaka kan finnast på Hordaland fylkeskommune si heimeside. Om vedtaket i Kultur- og ressursutvalet 4. juni [sjå sak PS 87/2014](#)

Utbetaling

Tilskota vil bli utbetalt dykkar konto med kr. 310 000,-. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Føresetnader for vedtaket

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føremål, innhald og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden.
- Tilsegnsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnd under.
- Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.

- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Rapportering

Rapport og rekneskap, signert av prosjektansvarleg, sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektslutt. Rapporten skal minst innehalde desse punkta:

- Utgreiing om gjennomførte tiltak og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Peike på eventuelle avvik og grunngje desse.
- Informere om eventuell vidareføring

Tilsegnsmottakar skal sjølv varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskottsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Brot på vilkåra

Dersom det ligg føre brot på vilkåra for tildelinga eller reglar om rapportering/rekneskap og kontroll kan vedtaket om tildeling bli gjort om, med krav om heil eller delvis tilbakebetaling av tildelte midlar.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Med venleg helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.